



Tom Andre Svindal
Oferåsen 31 A
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17116 - 20/76459

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
01.12.2020

Vedtak utvida tvangsmulkt (dagmulkt) - gbnr 1/59 Flatøy

Administrativt vedtak: Saknr: 1292/20
Tiltak: Gjenoppretting serviceavtale
Byggjestad: Gbnr: 1/59
Tiltakshavar: Tom Andre Svindal

VEDTAK:

Med heimel i forureininglova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av utvida tvangsmulkt, i form av ei dagmulkt stor NOK 200,-. Årsaka er at serviceavtalen med Biovac Environmental Technology AS ikkje er iverksatt igjen innan fristen som var 15.11.2020. Utvida tvangsmulkt løper frå 15.12.2020.

Saksutgreiing

Vi viser til førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt av 26.10.2020 med frist for tilbagemelding om gjenoppretting av serviceavtalen **innan 15.11.2020**. Alver kommune har ikkje motteke tilbagemelding innan fristen.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt

Minireinseanlegg skal driftast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale, jf. forureiningsforskrifta § 1 2-1 3. Utslepp frå prefabrikerte minireinseanlegg er berre gyldig når det ligg føre godkjend serviceavtale.

«Når det er fare for forurensing i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensingen sørge for tiltak for å hindre at den inntre», i følge forureiningslova § 7 andre ledd.

Pålegg som ikkje vert etterkome vil bli følgd opp med tvangsmulkt, jf. forureiningslova kap. 9.

Vi ber deg snarast om å kontakte leverandør for å iverksetje avtalen igjen. Du kan sjølv velje leverandør av tenesta, viss du ikkje ønskjer å behalde serviceavtalen hos Biovac AS.

Utvida tvangsmulkt løper frå 15.12.2020.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndravast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Tilbakemelding

Når gjenopptak av avtalen er gjort, må grunneigar sende inn dokumentasjon på dette til kommunen innan den nemnde fristen.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

- E-post post@alver.kommune.no
- Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikta til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndravast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er **3 veker**, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/17116

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:
Tom Andre Svindal

Oteråsen 31 A

5914 ISDALSTØ